

Til : Kommunestyret

Frå: Ordførar

Dato: 17.04.2018

Kåre Fjørtoft (FrP) har fremja slik interpellasjon til kommunestyremøte 17. april 2018

Innfør sambuargaranti i Sande Kommune

Framstegpartiet meiner at det er ein sjølfylgje at ektepar eller sambuera skal få lov til å tilbringe heile livet saman,også etter at ein av dei får behov for plass på sjukeheim.

Å få leve med sin ektefelle eller sambuar også når ein vert gammal og får store hjelpebehov betyr mykje for livsgleda,trygghetsfølelse,og for å kunne vere sjef i sitt eige liv. Det er ei trygghet dei eldre i Sande Kommune fortjener.

Det vil samtidig bidra til å forebygge einsomheit.

Det må leggst til rette for sterkare brukarmedvirkning,og man må forsøke å unngå alle tendenser til umyndiggjering,også når behovet for hjelp og omsorg aukar.

Sjølv om ein sambuargaranti kan medføre ein ekstra bebuar i avdelinga er det ikkje å komme bort ifrå at ektefelle eller sambuar også må sjåast som ein ressurs. Samtidig er det ved innføring av ein sambuargaranti viktig å understreke at dette skal vere ein frivillig ordning for begge ektefellene eller sambuerna. Viktig er det også at ektefellene får bo på samme rom om det er det dei ynskjer.

Framstegpartiet fremjer med dette fylgjande forslag:

- 1. Ektepar eller sambuera der begge har ynskje om å bu saman på sjukeheim,skal få mogligheit til det. Det skal gjelde, sjølv om berre den eine har vedtak om langtidsplass. Den aktuelle ektefelle eller sambuar som vil flytte inn på sjukeheim må då søke om korttidsopphald.
Korttidsopphald innvilges med varigheit så lenge ektefelle eller sambuar med langtidsopphald har behov for langtidsopphald. Det krevst eigenandel for ektefelle eller sambuar uten vedtak om langtidsplass etter gjeldande satsar for korttidsopphald.*
- 2. Det utarbeides retningslinjer for betaling og praktisering av sambuargarantien.*
- 3. Rådmannen innarbeider ektepar/sambuarrum i planleggingen, "utviding av sjukeheim".*

Svar:

Takk for interpellasjonen som tek opp forhold som no er under debatt på fleire nivå, lokalt som nasjonalt. Mange kommunestyrer behandlar i desse dagar liknande interpellasjonar/framlegg, og på Stortinget har helse-og omsorgskomiteen nyleg gitt innstilling med grunnlag i Representantframlegg om sambuargaranti i eldreomsorga. Eg kjem tilbake til denne innstillinga seinare i svaret.

Til interpellasjonen har eg innhenta kommentarar frå vår eigen helse- og omsorgsadministrasjon. Einingsleiari for Sandetun sjukeheim Wenche Brit Thorseth og helse- og omsorgssjef Bård Dalen har kommentert slik:

«1. Status

På sjukeheimen strekker ein seg langt for å finne gode ordningar når nokon vil bu saman. Ordningane vert tilpasse det som er ønskjeleg med kva kapasitet ein har på avdelinga, og sjølv sagt at ein vurderer dette som forsvarleg for alle partar. Sjølv om sjukeheimsromma er bygt som enkeltrom er nokre av romma større enn andre, så vi har funne gode løysingar. Vi har i tillegg pårørandestove med mulighet for overnatting i kortare periodar t.d. i siste livsfase. Å tildele «sambuar» eige rom har vore lite aktuelt då vi ikkje har hatt ledige rom dei siste åra, og då det ikkje har kome ønskje om det. Så langt har vi greitt å løyse dei fleste førespurnadar på ein god måte.

2. Interpellasjonen

Vi er samd i intensjonen om at vi skal strekke oss langt for å legge til rette for at der det er ønskjeleg skal ein kunne bu saman, under føresetnad av at det er forsvarleg.

Det er slik vi ser det utfordringar knytt til å tildele ein «samboar» korttids plass, når ein er frisk og ikkje sjølv treng ein plass. Juridisk og reint praktisk ser vi ikkje dette som ei ordning ein kan gå innpå - og vi treng i så fall meir tid for å få dette grundigare utgreia.

Eit intensjonsvedtak slik det er utforma i deler av interpellasjonen vil vi sjølv sagt kunne innføre som ei retningslinje for vurdering av slike førespurnadar.»

Tilbakemeldinga frå fagadministrasjonen kan tyde på at ein så langt har funne gode individuelle løysingar for dei som kan og ønskjer å bu saman, også på sjukeheim. Dei gode løysingane heng nøye saman med heile tenestekjeda/omsorgstrappa med heimetenester, omsorgsbustader, kombinert velferdsteknologi m.m. som vil gjere det mogleg å bu heime så lenge som råd med sin ektefelle/sambuar.

Det er ein god tanke at ektepar/sambuarar skal få garanti for å bu i lag på sjukeheim om dei ønskjer det og det er forsvarleg. Eg støttar fullt og heilt intensjonen med ei slik garanti. Pr i dag er det like fullt nokre utfordringar knytt til slik garanti som må nærmare utgreiast. Som forhold til økonomi, fysiske, sosiale og forvaltningsmessige forhold.

Det er uavklart om det vil kome nytt nasjonalt regelverk/rammevilkår, jf. Innst. 217 S frå helse- og omsorgskomiteen pr. 12. april 2018. Komiteen si tilråding lyder slik: *Stortinget ber regjeringa om å ta inn bestemmelser om samboergaranti, som er uavhengig av ektefelles eller samboers behov for omsorgstjenester, ved utarbeiding av nasjonale kriterier for tildeling av langtidsopphold.*

Med grunnlag i til dels komplekse problemstillingar og komande behandling av temaet i Stortinget fremjar eg slikt forslag:

Saka vert oversendt til Helse- og Oppvekstutvalet for nærmare utgreiing og vurdering.